

BOKN BYGDABLAD

NR. 4 - MAI 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

TRYGDEBUSTADER FERDIGE I SOMMAR

Tilbygg til sjukestova ferdig om 1 månad

Rekkehuset med 6 trygdebustader rett nord for Boknatun viser nå godt igjen i området, og nærmar seg ferdigstilling. Det er sannsynleg at husværa er ferdige til innflytting rundt 1. juli. Bustadene er i første rekke bygd for personar som treng nærelik til det kommunale hjelpeapparatet på grunn av funksjonshemming eller av andre grunnar.

Det er tre husvære i kvar etasje i rekkehuset. Grunnflata på bustadene i 1. og 2. etasje er vel 60 kvadratmeter. I tillegg har bustadene i 2. etasje eit ekstra gjesterom på loftet. Bygget ligg så nært Boknatun at det er kort veg frå sjukestova dersom ein leidgetakar t.d. treng hjelp av heimesjukepleiar eller anna hjelp i heimen. Det er likevel ikkje ein institusjon. Bebuarane må leiga husværet av kommunen, og sjølv halda inventar, betala straum m.v.

Dei kommunale hjelpetenestene frå helse- og sosialtenestene vert også som om dei får dei i eigen heim. Fordelen for bebuarane og helse- og sosialetaten er at det ligg så nært kommunen sin base for pleie- og omsorgstenester. Det er også kort veg til andre kommunale, statlege og private tenester som fins i Boknatun.

Bokn kommunestyre har nyleg vedtatt at det skal vera ei nemnd som skal behandla søknader om å leiga husvære i bygget. Denne nemnda er den same nemnda som er inntaksnemnd for sjukestova. Brutto husleige er over kr. 3.000,- pr. mnd. For leidgetakarane vert dette beløpet redusert med bustøtte, slik at ein reknar det kjem ned mot eit beløp mellom kr. 1.000,- og 1.500,- for ein einsleg minstepensjonist utan anna inntekt.



NOMINASJONAR TIL KOMMUNEVALET I HAUST

Kr.F. og Høyre i Bokn har nominert

I forrige bygdablad var det oversikt over Senterpartiet og Arbeiderpartiet sine kandidatar føre kommunevalet i haust. Her kjem kandidatane til Bokn Kr.F. og Bokn Høyre:

Kristeleg Folkeparti:

1. Sigurd Johnny Svendsen
2. Ingrid Blikshavn
3. Harry Vågshaug
4. Gunvor Øvrebø
5. Sigmund Alvestad
7. Evy Vågshaug
8. Ottar Borgenvik
9. Eli Kro
10. Håvard Hetland
11. Hanna Alvestad
12. Anne Marie Bokneberg
13. Kari Are
14. Mary Øvrebø
15. Sigrid Jøsang
16. Margrete Jøsang
17. Karen Hetland

Høyre:

1. Svein Ove Alvestad
2. Helga Alvestad
3. Per Helge Sunde
4. Finn Kro
5. Hilde Marie Christiansen
6. Edgar Våge
7. Olav L. Rossebø
8. May Bente Alvestad
9. Harry Hognaland
10. Lars Sigmund Alvestad
11. Signe Skjelde
12. Jarle Larsen
13. Tore Øvrabø
14. Leonora Alvestad
15. Kjell Terje Bryningsland
16. Harald Nygård
17. Bjørn Jøsang
18. Else Strand
19. Leif Hansen

KOMMUNALE TENESTER I BOKN:

Ikkje ventelister på barnehageplass eller sjukeheimspllass

Ein ser i dag at det rundt om i mange kommunar ofte blir klaga over at det er mangel på ein del kommunale tenester. Dette gjeld i særleg grad sjukeheimsplasser/tenester for eldre og barnehageplasser.

Også Bokn kommune har begrensingar på nokre av desse områda. T.d. når det gjeld heimebaserte tenester (heimehjelp) er det nøye vurderingar kvar gong dette

skal tildelast p.g.a. knapt budsjett. Likevel kan ein på nokre område glede seg over at det fram til nå ikkje har vore nemneverdig avvising av søknader. Det gjeld m.a. sjukeheimsplass. Sjølv om ein i lengre periodar har hatt fleire bebuarar inne enn plassalet tillet, har Fylkeslegen gitt dispensasjon for å ta inn fleire inntil utvidinga er ferdig. Når tilbygget er ferdig i juni månad,

Ikkje ventelister.....framh. frå s.2

vil det vera plass til 11 bebuarar ved sjukestova, og ein reknar med at dette ved sida av dei nye trygdebustadene vil gi eit godt tilbod til dei som treng det.

Mange kommunar har for få plasser i

barnehagane. I år er situasjonen den i Bokn at det ikkje er heilt fullt i alle avdelingane i barnehagen. Det er særleg avdelinga ved Kyrkjebrygd skule for barn over 3 år som har ledige plasser.



**KIRKENES
NØDHJELP**
Sammen for
en rettferdig verden

*Kr. 12.722 kom inn ved
fasteaksjonen Brød for verda.*



NYTT FRA IDRETSLAGET

VÅRSLEPPET

Vårsleppet ble arrangert 2. år på rad den 23. april. Løypa var på Austre Bokn valgfri til Våga eller Kro 2x3 km . Vi var heldige med været - våren kom denne dagen, så oppslutningen var hele 57 deltakere.

FREDSMARSJEN

Fredsmarsjen blir arrangert den 3. mai. Marsjen starter i Straumen ved hytteparkeringa og går ut til krigsminnene i Loden. Marsjen er 6,3 km til sammen. Det blir salg av kaffe, brus og pølser ved vendingspunktet. Marsjen starter kl. 17.00.

Pris for deltaking og pins: kr. 25 for barn og kr. 40 for voksne.

**UT OG GÅ FREDSMARSJEN -
554.000 GIKK FREDSMARSJEN I
1945!**

KURS

Bokn Idrettslag vil prøve å arrangere aktivitetsleder kurs i fotball. Kurset

gir den nødvendige opplæring i hvordan en som trener/leder skal opptre for at barn skal føle seg trygge, samt gi innføring i fornuftige fotballaktiviteter for barn i alderen 8 - 12 år. Her er ingen krav til forkunnskaper. Alle våre trenere, oppmenn og ellers interesserte bes om å delta. Foreldre til «fotballunger» er spesielt velkomne. Invitasjonen går også til lærere og barnehage-personell.

Kurset holdes på Bokn skule 20. og 21. mai.

Kurslærer: Jostein Johannessen.

Påmeldingsfrist er 9.mai. Meld deg på til Arne i SR-Bank Bokn eller May Jorunn i tlf. 52 74 86 48.

HERRETRIM

Det er startet opp herretrim fredager kl. 18.30 - 20.30.

Interesserte - MØT OPP!

SUNNALANDSSTRAUMEN

DEL 5

KURT HVEDING ER TIDLEGARE STATSLOS OG ER INTERESSERT I HISTORIE. I DIVERSE GAMLE ARKIV HAR HAN FUNNE INTERESSANTE HISTORISKE OPPLYSNINGAR OM HAMNEUTBYGGING I BOKN.

Den 16.mai 1923 vedtok Bokn herredsstyre at Sunnlandsstraumen skulle skilles ut av den vedtatte rekkefølge og sideordnes med Lauplandsvågen slik at disse to fikk 1. prioritet.

Rogaland fylkes fiskarlag hadde først holdt seg til rekkefølgen: Lauplandsvåg, Vågevåg, Sunnlandsstraumen, Kongshavn. På årsmøtet i 1923 anket representanten fra Bokn fiskeriforening denne oppstillingen. Han fortalte at forholdene i Sunnlandsstraumen var slik «at oppvoksende tare og sjøgress umuliggjorde bruken av propell». Etter nærmere overveielse gikk fylkesfiskarlaget inn for Bokn herredsstyres siste vedtak, å sideordne Sunnlandsstraumen med Lauplandsvågen. Brev om dette ble sendt Havnedirektøren, undertegnet J. Remø.

I saksmappen er det ikke mer om havneplanene i Bokn før i 1928. Det er god grunn til å tro mye av skylda for dette er den vanskelige økonomiske situasjonen både stat og kommuner befant seg i. Den 26. mai 1928 sendte ordfører Eliseus Vatnaland et langt brev til Fiskeridirektøren på vegne av Bokn formannskap. Han viser til tidligere

søknader, og godt vårsildfiske siden 1910. Han mener at store verdier kunne vært oppfisket dersom man hadde hatt gode havner for fiskebåter og losjifartøyer. Om Lauplandsvågen heter det i brevet: «Lauplandsvågen er ei stor og romsleg hamn, vel tillaga av natura, stor nok til å gjeva plass for tusener av fiskebåtar, berre skade at den er so grunn i innlaupet at ein vanleg fiskebåt på fjøra sjø har vant for å ferdast der».

Om Sunnlandsstraumen sier Vatnaland at det nå er for grunt, fiskebåtene slipper bare gjennom på flo sjø og knapt nok det. Han mener hele bygda vil ha stor nytte av en utdypning, store lokale interesser knytter seg til ferdelsen her. Han ber om at Fiskeridirektøren gjør sitt til å få disse havnene gjennomført til nytte for fiskere i hele Rogaland fylke og nabofylkene. «Rekkefylgja for arbeidet innan heradet, sist vedteke av heradstyret i 1923 er Lauplandsvågen, nr.1. Vågevåg nr.2 Kongshamn nr.3 og Sønnalandsstraumen teke samstundes med Lauplandsvågen». Slik slutter saksmappen for Sunnlandsstraumen, og Straumen ligger der slik som den har gjordt siden 1875.

SUNNALANDSSTRAUMEN.....framh. frå s.4

*Kilder: Sønnelandsstrømmen, Bokn, Stavanger amt 1915, Kystverket, arkivavdelingen.
De tusen hjemmets bibliotek, Norges historie, bind 2.
Lars Søndeland, Jacob Vågshaug.
Reidar Alvestad.*

Jeg vil med dette få rette en stor takk til kystverkets arkivleder, fru Ursula Lund. Hun gav meg uvurderlig hjelp med å finne fram i arkivet og med kopieringen av de gamle gulnende brev.

Kurt Hveding

I 1986 ble, etter henstilling fra oppsitterne, Vågevågen utdypet i munningen til 2 m. i 10 m. bredde. Det kostert kr. 122.500 og ble utført av Kystverket i forbindelse med byggingen av fiskerihavnen ved Knarholmen.

I 1991 ble munningen av Lauplandsvågen sprengt ned til dybde -2,4 m. i 5 meter bredde. Men så ble det lagt en bro over sundet med fri høyde på bare 5 m. Arbeidet skjedde i forbindelse med byggingen av den nye veien til Are. Kostnadene var kr. 38.000. Kommunen betalte halvparten, resten falt på Statens vegvesen.

Kilde: Bokn kommunes arkiv, Reidar Alvestad

nok mindre kjent. Det kunne vært interessant og fått rede på hvordan det gikk med dem senere hen. Hvorfor gikk det som det gikk med alle disse havneplanene? Det var jo et sterkt engasjement både fra kommunen og fiskeriforeningen, med god støtte fra Statens havnevesen som utførte et stort og dyktig faglig planleggingsarbeid. Og så endte det hele rett og slett i ingen ting. Det er nesten utrolig at det hele løp ut i sanden, bokstavelig talt.

Etter min mening var den viktigste årsaken til at det hele gikk galt, den politiske uenigheten innen kommunen, noe som kanskje skyldtes private eiendomsinteresser.

Herredstyret skiftet, som vi har sett, flere ganger mening om prioriteringen, det samme fiskeriforeningen. Politisk ser det også ut til å ha vært en viss engstelse for at kommunen skulle måtte dekke en del av utgiftene til havneutbyggingene. Det synes også som den østre side av kommunen stod mot den vestre side - og fiskere mot jordbrukere.

Uenigheten førte til utsettelse av arbeidene, dernest til irritasjon hos myndighetene. Havnedirektøren satte faktisk en tid tommelen ned for

ETTERSKRIFT

Under lesningen og utvelgelsen av stoff fra de gamle brev i mappen om Sunnalandsstraumen, ble jeg uvilkårlig engasjert både i saken som sådan og i personene som var involvert.

De fleste navngitte personene i artiklene vil selvsagt være godt kjent blant de fleste av leserne.

Distriktsingeniør Leegaard og fiskeriinspektør Buvik er naturlig

SUNNALANDSSTRAUMEN.....framh. frå s.5

*alle havneplanene i Bokn.
Fiskeridirektøren var irritert,
kanskje også Amtmannen som satt
på pengesekken.
Etter mange års krangelen kom så de
økonomiske nedgngstider. Mens
striden gikk sin gang, gikk også
utviklingen fiskeflåten sin gang.
Større fartøyer med kraftigere og
bedre motorer gjorde de små
havnene i Bokn mer eller mindre
overflødige. «Buviks landeveier»
gjorde det mulig å sende*

*varene over land til
sentrene Foresvik og
Alvestadkroken, de hadde
båtforbindelse med byene Stavanger,
Haugesund og Bergen.
Egentlig er det synd at det gikk som
det gikk. Det hadde vært fint med 3-4
meters dybde og 10-15 meters
bredde i kanalen i
Sunnalandsstraumen, og en fin
seilled inn til Kongshavn.*

Drammen, 14. mars 1995

Kurt Hveding

*Dette var siste del av Kurt Hveding sin serie om hamneutbygging i Bokn frå
første del av 1900-talet. Bygdeboknemnda vil takka Kurt Hveding for det
arbeidet han har utført. Mange har her sikkert fått kjennskap til lokalhistorie
som dei tidlegare ikkje kjende til.*

ROTTA OTTO og HELT PÅ JORDET

19. og 24. april kunne boknarane
gleda seg over to forestillingar ut-
ført av profesjonelle utøvarar.

Barneteateret *ROTTA OTTO* var ei
solo-forestilling, og Bjørn Warud
fekk ungane me seg me ein gong.
Den nesten 2 meter høge Warud blei
temmeleg svær med kostymet på seg,
og det var nok veldig skummelt for
enkelte i byrjinga. Publikumsopp-
slutninga var god, noko me dessverre
ikkje kan seia om cabareten *HELT
PÅ JORDET*.

Det plutselige sommarveret får
kanskje ta ein del av skylda for
publikumssvikta. Veldig synd er det i
alle fall at ikkje fleire fekk oppleva
denne cabareten. Det er ikkje kvar
dag boknarar får sjansen til å sjå ei så
god forestilling i kommunen, og dette
var det mest profesjonelle sidan
Sigwart Dagsland-konserten! Dei
fleste som var der satt og lo
samanhengande i 5 kvarter. Ja,
cabaret-gruppa DOZERNE fekk nok
fleire fans på Bokn denne sommar-
lege aprilkvelden.

- kulturleiaren -



BOKN KOMMUNE


KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET



VAKSNE:

Manus, Max:
Det vil helst gå godt - lydbok

Sønsteby, Gunnar:
Rapport fra nr.24 - lydbok

Gervik, Hans:
Refleksjoner etter 50 år

Hansson, Per:
-og tok de enn vårt liv

Hjeltnes, Guri:
Hverdagsliv i krig

BARN/UNGDOM:

Bjørkykke, Oskar Stein:
Fredsdalen


Haagenrud, Grete:
Sofie og Katrine

Lind, Ebba:
Operasjon rokk

Magorian, Michelle:
En liten sang om kjærlighet

Krig fødes av uerkjent frykt forkledd
som mot. Krig er det motsatte av
kjærlighet.

Suzanne Brøgger
All verdens sitater



BYGDEBOKA UTSETT IGJEN

Bokn kulturstyre har godkjent ein kontrakt med bygdebokforfattar Birger Lindanger om at oppstart på skrivearbeidet skal skje 1.januar 1996 (seinast 31.mars) - og omfattar 30 mnd. arbeid. Arbeidet skal såleis vera fullført 31. januar 1988 (ev. 30.sept.).

I og med at det også tidlegare har vore utsetjing i dette arbeidet, skapte søknaden om ny utsetjing frustrasjon i bygdeboknemnda. Venteleg vil tidsplanen nå halda.

Bygdeboknemnda har vore i arbeid frå 1986.

ORDFØRAREN DØYpte FLYET «BOKN»

Midt i mars månad var ordførarane frå Bokn, Utsira, Karmøy og Haugesund med på ei noko uvanleg oppgåve. I samband med at selskapet Coast Air skulle åpna nye flyruter frå Haugesund til Stavanger, Stord og Kristiansud, og utvida rutetilbodet til Bergen og Kristiansand, fekk dei fire ordførarane i oppgåve å døypa fire fly med kvart sitt øy-namn. Flya vart døypte «Bokn», «Utsira», «Feøy» og «Røvær». Flyet som fekk namnet «Bokn» er eit 19 seters Jetstream-fly. Etter seremonien vart det prøvetur over Boknafjorden og m.a. lågtflyging over Utsira. Dei flaug også over Bokn, men sikten var for dårlig her til at dei fekk sjå så mykje.

BYGDEUTVIKLING BERRE MULEG DERSOM FOLK ENGASJERER SEG

Til å vera den første dagen med vårver, var det relativt bra frammøte på allmannamøtet om bygdeutvikling som arbeidsstyret i Bokn Bygdeutvikling hadde kalla inn til den 18. april. Utanom lokale drivkrefter var det folk frå landbruksavdelinga hos fylkesmannen til stades som orienterte om støtteordningar for det som vart kalla for «gode» prosjekt. Dette med at det er bygdafolket sjølv som må engasjera seg, vart gjentatt fleire gonger, både frå dei lokale kreftene og frå fylkesmannen. Det er svært viktig at folk i lokalmiljøet støttar opp også på det moralske plan, og gir dei som startar nye næringar støtte. Det vart også nemnt at havbruk/fiske må vera eit viktig framtidig næring i Bokn.

Bokn kommune har fått tildelt bygdeutviklingsmidlar, og det kan søkjast om meir frå den einskilde etableraren dersom tiltaket vert vurdert som eit godt tiltak. I møtet vart det lagt vekt på at bygdeutvikling er ei samla satsing på bygdene, og også går på andre tiltak enn berre nye arbeidsplasser. T.d. vart trivselsfremjande tiltak for ungdom særleg nemnt som aktuelt i Bokn. Her bør kanskje frivillige organisasjonar kunna gjera meir. Ein viser elles til omtale frå næringskonsulenten når det gjeld framtidig arbeid på området.

BOKN BYGDEUTVIKLING

Bokn Bygdeutvikling har hatt sin offisielle åpning ved allmannamøte som ble arrangert 18 april. Selv om været var fint og onner og lamming var i full gang var fremmøtet ikke så verst. Prosjektet som er ment å få frem tiltak i kommunen, vil løpe over tre år. Kommunen har mange personer med gode ideer, noe vi har fått oppleve siden en startet på prosjektet. Vi håper riktig mange ønsker å delta - enten med egne ideer eller i arbeidet med prosjektet eventuelt i de enkelte tiltak.

Prosjektet er delt opp i noen hoveddeler og det vil bli avholdt møter som følger:

<u>Gruppe</u>	<u>Møtetid</u>	<u>Møtested</u>
Trebearbeiding v/ Leif Vatnaland	Mandag 22 mai kl 18,30	Boknatun
Vekster & Urter v/Stein Alendal	Mandag 29 mai kl 18,30	Boknatun
Bygdakjøkken V/Ingjerd Thuestad	Tirsdag 30 mai kl 18,30	Skolen

Når det gjelder Utmark vil første samling finne sted gjennom landbruksorganisasjonene. Ansvar for denne gruppen er Sigmund Alvestad.

Havbruk vil på samme måte bli innkalt gjennom sine organisasjoner. Her er ennå ikke en ansvarshavende valgt.

Dersom du ønsker nærmere opplysninger eller kontakt må du gjerne ta direkte kontakt med de som står som ansvarlige eller med næringskonsulenten.

Samlingene i de enkelte gruppene vil skje fortløpende og det vil være anledning til å delta også på senere tidspunkt. Gruppene er åpne for nye ideer og tiltak hele tiden. Det er viktig at vi har en fleksibel og åpen holdning.

Vi håper å se deg på et av disse møtene.

Vennlig hilsen

Næringskonsulenten,

KONFIRMANTAR I BOKN KYRKJE 7.MAI KL.11.00

Monica Alvestad
Annelin Aksdal Dalberg
Annelin Foss
Grete Jorunn Grønnestad
Arnstein Hosaas
Brit Nesvik
Solrunn Anette Ognøy

Mariann Skjelde
Solveig Marie Skår
Frank Svendsen
Hilde Louise Sæbø
Bjarne Våga
Inger Marie Våge
Mona Vågshaug



BOKN KOMMUNE

TELEFON 52 74 85 00 - TELEFAX 52 74 86 90
4290 BOKN

TRYGDEBUSTADER TIL LEIGE

Bokn kommune har 6 trygdebustader til leige frå ca. 1.juli 1995.

Bustadene ligg rett nord for Boknatun i Føresvik. Dei er bygde i eit rekkehous med 3 husvære i 1. etasje, og 3 husvære i 2. etasje.

Alle bustadene har stove, kjøken, soverom, bad/vaskerom, bod og gang. Arealet er på ca. 61 m². Bustadene i 2. etasje har i tillegg eit gjesterom på loftet som gjer at arealet på desse er noko større.


Dersom det er fleire søkerar enn antal husvære, vil det bli tildeling etter nærmere vurdering av søkerane sine behov.

Nærare opplysningar bustadene, huslegeberekning og søknadsskjema får ein ved å venda seg til Bokn sosialkontor.

Søknadsfrist: 1.juni 1995.

BOKN KOMMUNE SMÅLEILIGHETER FØRESVIK PLAN UNDERETASJE


ARREBERG A/S ARKITEKTEN MIDL - INNENRÅDSEKTEKT NIL
KLUNKENBERG 25 - 4860 STRANDANGER - TELEFON 640 52 12 67 - 52 19 25



10

BOKN KOMMUNE SMÅLEILIGHETER FØRESVIK HOVEDPLAN

ARREBERG A/S ARKITEKTEN MIDL - INNENRÅDSEKTEKT NIL
KLUNKENBERG 25 - 4860 STRANDANGER - TELEFON 640 52 12 67 - 52 19 25




PLANTEBYTTEDAG

På Bokn skule lørdag den 13. mai kl. 12. Har du planter til overs - ta de med og bytt.

Johan Sandvik har sommerblomster til salgs. Ødegård plantesalg har planter og planteauksjon. Salg av kaffi og vafler. Utlodning av planter.

Alle er velkomne!

Bokn Hagelag



REISEUTGIFTER I SAMANHENG MED UNDERSØKING OG BEHANDLING.

Reiseutgifter som ein har i samanheng med undersøking og behandling hos lege, på sjukehus eller anna helseinstitusjon blir dekka på den billigaste reisemåte.

Billigaste reisemåte er med buss.

Dersom du ikkje kan nytta buss av omsyn til helsa di må du begrense skrive ut ein rekvisisjon på dette.
Dette gjeld både når det skal nyttast drosje og eigen bil.

Dersom du ikkje har fått rekvisisjon frå legen vil taksten for buss bli nytta når trygdekontoret skal gjer opp for reisa di.

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,

4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00

fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,

Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100.- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400.-

Halv side: kr. 150.-

¼ side: kr. 75.- 1/8 side: kr. 50.-

Små privatannonser: KR. 10.-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årlig.

ARRANGEMENT I MAI

- 02.05: FRÅ OKKUPASJONEN TIL FRESDAGEN
Bokn skule har prosjektveke.
Sjå utsendt program for veka.
03.05: Fredsmarsj. Arr:Bokn Idrettsl.
05.05: Eldrefest - Bokn skule.
08.05: Avslutn. av Frigjeringsjubileet
12.05: Bokn kr. Ungdomsklubb
13.05: Plantebyttedag
13.05: Bokn Swingklubb arr. vårfest/
dans. Musikk: Embassy.
17.05: Tradisjonell feiring av
nasjonaldagen. Program blir
utsendt.
28.05: NMS- møte Bokn Bedehus



SOMMERSVIKAR VED TEKNISK ETAT

Med forbehold om kommunestyrets godkjenning skal teknisk etat engasjere 4 sommervikarer.
1 person i perioden 6.juni - 30.juni
2 personer i perioden 3.juli - 29.juli
1 person i perioden 31.juli - 18.aug.
Søkere bør være fylt 18 år. Nedre aldersgrense er 16 år.
Tilsetting skjer i henhold til gjeldende avtaler.
Skriftlig søknad må være sendt teknisk etat innen den 19.mai.



GUDSTENESTE

- 03.05: Samtalegudsteneste v/ Arne Aurdal. Offer til Blå Kors.
07.05: Konfirmasjonsgudsteneste kl.11.00 v/Arne Aurdal. Offer til soknerådskassen
08.05: Fredsgudsteneste kl.10.00.
17.05: Gudsteneste v/Arne Aurdal kl.10.30. Offer til Kirkens Nødhjelp.

LENSMANN

*Første fredag i kvar mnd.
kl. 10 - 12 i Boknatun*

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

FOTPLEIE

*Onsdag den 10 mai.
Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 52 74 85 00*